

Kvinnherad kommune  
v/Ingo Bewer

27.05 2026  
Vår ref.: 108323

## **Oversending av forslag til endring av reguleringsplan etter forenkla prosess for *Detaljplan for 199/165 med fleire - Hyttefelt Grunnvåg – Halsnøy***

Me viser til tidlegare dialog og møte om endringar av reguleringsplan for Hyttefelt i Grunnvåg på Halsnøy, gnr. 199 bnr. 165 m.fl.

Som vedlegg til dette oversendingsbrevet ligg forslag til endring av reguleringsplanen. Planomtalen gjer greie for bakgrunnen for planendringa, skildrar dei føreslåtte endringane og vurderer verknadene av desse. Risiko- og sårbarheit er vurdert på nytt som del av planprosessen. Det er gjennomført rasfarevurdering, og rapporten ligg vedlagt.

Forslag til endra plankart, i PDF- og SOSI-format, og forslag til endra føresegner ligg ved. Gjeldande plankart og føresegner er òg lagt ved. Endringar i føresegnene er markerte. I tillegg ligg sjekklister for plankart ved oversendinga.

Med grunnlag i den vedlagde dokumentasjonen ber me kommunen vurdere om planendringa kan tilrådest handsama etter forenkla prosess, jf. plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd, før me sender planforslaget på høyring til berørte.

Me ber òg om å få oversendt naboliste og liste over aktuelle høyringsinstansar, slik at saka kan sendast på høyring før endeleg handsaming hjå kommunen.

Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål til oversendinga.

Venleg helsing,

**Omega 365 Protek AS**

v/ Kjerstina Særsten

kjerstina@omega365.com

476 39 847